

Prosjektnamn

Vidareutvikling av Helse Førde sitt Forbetningsprogram

HF/avdeling/eining ansvarleg for prosjektet

Styringsgruppa for forbetningsprogrammet

Kontaktperson/prosjektleder

Programleder Tove Hovland

Bakgrunn for prosjektet/hovudpunkt

Den 26. oktober 2006 i sak 068/07 sluttar styret seg til etableringa av eit langsiktig program for forbetring og effektivisering i Helse Førde 2008 - 2010. På bakgrunn av dette vedtaket vart Forbetningsprogrammet i Helse Førde etablert. I Helse Førde sitt arbeid med å utforme eit langsiktig program for forbetring og effektivisering er det lagt vekt på at programmet skal underbyggje Helse Vest sin strategi Helse2020 og Helse Vest sin kvalitetsstrategi. Programmet skal også spegle styringsdokumentet i val av prosjekt.

Forbetningsprogrammet har som mål:

- å forbetre arbeidsmetodar, organisasjonsstruktur, organisasjonskultur og behandlinglinjer systematisk og kontinuerleg
- at forbetringar som vert sett i verk skal vere kunnskapsbaserte samtidig som dei skal skje innanfor dei rammer og krav som styresmaktene og eigar set for organisasjonen

I Helse Førde skal forbetningsarbeid initierast, setjast i verk, leiast og evaluerast av leiarane i linja. Forbetningsprogrammet starta opp i januar.

Forbetningsprogrammet krev at helsepersonellet i Helse Førde får tilført kunnskap om korleis drive og leie forbetningsarbeid. Det er per april starta opp prosjekt under temaområde kjerneoppgåver, temaområde resultatmåling og temaområde leiing og organisasjon. Det har vore arrangert ein kvalitetskonferanse 3. april der føreleserar med vid kompetanse og praktisk erfaring med forbetnings- og kvalitetsarbeid deltok. Om lag 130 leiarar i Helse Førde er vidare kalle inn til dialogkonferanse 14. mai. Hovudmålet med konferansen er å få forslag på kva tiltak som må gjerast for at leiinga i Helse Førde skal vere rusta til å takle utfordringane vi står i og korleis vi kan utvikle oss vidare.

Formål med prosjektet / forbetningsmål

- Å tilføre organisasjonen kunnskap om korleis gjennomføre praktisk forbetningsarbeid og korleis monitorere og evaluere arbeidet
- Å utforme Helse Førde sin eigen verktøykasse
- Å syte for at forbetningskunnskap og verktøy er tilgjengeleg på både intra- og internett
- Å legge til rette for kunnskapsdeling mellom Helse Førde og kommunehelsetenesta i fylket

Metodisk tilnærming / evaluering av effekt

1. Det skal utarbeidast malar som skal ligge lett tilgjengeleg på Sharepoint og heimesida vår, til dømes

- mal for poster presentasjon av forbetningsprosjekta
- mal for milepel/handlingsplanskjema

- mal for pasientflyt
- mal for referat
- mal for presentasjonar

2. Det skal utarbeidast informasjonsmateriell om ulike typar prosjekt og forbetningsarbeid, til dømes

- prosjektleiing
- prosjektstyring
- prosesskartlegging
- nettverksarbeid
- statistisk prosesskontroll
- møteleiing
- bruk av dataverktøy som visio, excel mm

3. For å lette endringsarbeidet, sikre spreining av forbetningskunnskap og resultat av endringsprosjekta skal Helse Førde starte opp læringsnettverk der prosjektdeltakarar i pågåande prosjekt møtest med jamne mellomrom. Denne metodikken må utprøvast i organisasjonen og krev ressursar frå forbetningsprogrammet.

4. Dei tilsette treng kunnskap om utvikling av prosessindikatorar og monitoring av dei. Det skal gjennomførast kurs i statistisk prosesskontroll for prosjektleiarar og anna interessert helsepersonell i Helse Førde. Vi vil inngå eit samarbeid med fylkesmannen i Sogn og Fjordane slik at kurset også kan tilbydast kommunehelsetenesta i fylket.

Overføringsverdi / Overføring av kunnskap til andre einingar i regionen

Erfaringar frå arbeidet med å bygge eit heilskapleg forbetningsprogram vil vere av interesse og ha overføringsverdi både til andre helseføretak og til kommunane i fylket.